



Møteprotokoll Kommunestyret

Møtedato: 22.06.2023
Møtestad: Austrheim samfunnshus
Møtetid: 15:00 - 22:20

Janne Eraker - Revisjonssjef i Vestlandsrevisjon, var tilstades under handsaminga av økonomisakene.

| Møtedeltakarar | Parti | Rolle |
|------------------------------|-------|----------|
| Per Lerøy | AP | Ordførar |
| Ann Kristin Leirvåg | AP | Medlem |
| Monika Thorpe | AP | Medlem |
| Hardy Pedersen | AP | Medlem |
| Reidar Ulvøy | AP | Medlem |
| Britt Mary Skaalevik Lerøy | AP | Medlem |
| Aslak André Bakke | H | Medlem |
| Helge Dyrkolbotn | KRF | Medlem |
| Anne Dahle Austrheim | KRF | Medlem |
| Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn | SP | Medlem |
| Reidar Øksnes | SP | Medlem |

| Forfall meldt frå følgjande medl. | Parti |
|-----------------------------------|-------|
| Inger Lise Brekke | H |
| Lise Renate Helle | SP |
| Marita Terese Bru | BIA |
| Morten Sognnes | H |
| Randi Keilegavlen Dyrøy | KRF |
| Rikke Heldal Hope | H |

| Frammøtte varamedlemmer: | Parti | Rolle |
|-----------------------------|-------|------------|
| Jan Erik Espelid | BIA | Varamedlem |
| Magnus Kvingedal | H | Varamedlem |
| Oskar Nordgard | H | Varamedlem |
| Solveig Hopen | H | Varamedlem |
| Linda Helen Skålevik Syslak | SP | Varamedlem |

Desse møtte frå administrasjonen: Anne Hildegunn Færøy, Asbjørn Nagell Toft, Atle Vaage, Bjørnar Fjellhaug, Kari Torkildsen Utkilen, Ketil Tjore, Odd Harald Dommersnes, Trine Merete Jansen

Austrheim 27. juni 2023

Per Lerøy
ordførar

Ketil Tjore
møtesekretær

Sakliste

| Saknr | Tittel |
|--------|--|
| 033/23 | Godkjenning av innkalling og sakliste |
| 034/23 | Godkjenning av møteprotokoll |
| 035/23 | Meldingar |
| 036/23 | Orienteringssak |
| 037/23 | Tilstandsrapport for barnehage og grunnskule, 2022/2023 |
| 038/23 | Nye deltakarkommunar i Bergen og Omland Friluftsråd |
| 039/23 | Tilslutting til avtale om utviding av syns- og audiopedagogisk teneste |
| 040/23 | Busetting av flyktningar 2023 - ekstraoppmoding frå IMDI |
| 041/23 | Samarbeidsavtale for IUA Bergen region KOF om interkommunalt samarbeid mot akutt forureining |
| 042/23 | Uttale frå Austrheim kommune om klagepraksis hjå Statsforvaltaren i Vestland på dispensasjonsaker i sone tre for differensiert forvaltning av strandsona |
| 043/23 | Detaljregulering for fv. 565 Alversundbrua - Offentleg ettersyn - Merknad frå Austrheim kommune |
| 044/23 | Val av medlemmer til prosjektgruppe - energi |
| 045/23 | Vedlikehaldsplan bygningar og anlegg, Austrheim kommune |
| 046/23 | Kulturmiljøplan for kystkommunen Austrheim 2023 - 2032 - frå steinalder til oljealder |
| 047/23 | Forskrift for langtidsplass på sjukeheim i Austrheim kommune |
| 048/23 | Godkjenning av rekneskap 2022 for Austrheim Kommune |
| 049/23 | Godkjenning av årsrapport for Austrheim kommune 2022 |
| 050/23 | Tertial rapport 2023 med forslag til budsjettjusteringar |
| 051/23 | Rullering av investeringsbudsjett |
| 052/23 | Rullering av langtidsbudsjett 2023-2026 for Austrheim Kommune |
| 001/23 | Rapport frå tilsyn med barnevernstenesta si oppfølging av barn i fosterheim |
| 053/23 | TV-aksjonen 2023 - oppretting av kommunekomiteé |
| 054/23 | Oppdatering av forskrift om folkevalde sine arbeidsvilkår - Austrheim kommune |
| 055/23 | Godkjenning av mindre vesentleg reguleringsendring av Detaljreguleringsplan for næringsområde NO4 Mongstadkrysset, planid. 2003002- Austrheim kommune |
| 056/23 | Mandat og budsjett for arbeidsgruppa og prosjektgruppa for energiproduksjon og energisparing i Austrheim kommune |
| 057/23 | Sommarfullmakt til ordførar |
| 058/23 | Flagging med regnbogeflagg 25. juni |

033/23: Godkjenning av innkalling og sakliste

Kommunedirektøren sitt framlegg:

Innkalling og sakliste vert godkjent

22.06.2023 KOMMUNESTYRET

Jan Erik Espelid (Bygdelista) spurte om det skulle vore med ei sak med sommarfullmakt til ordførar. Ordførar Per Lerøy (Ap) støtta dette, og spurte kommunestyret om det var OK med ei tilleggssak om sommarfullmakt.

Dette vart godkjent av kommunestyret.

Ordførar Per Lerøy (Ap) fekk kommunestyret si godkjenning til å justera litt på rekkjefølgja for sakene, slik at sak 037/23 kjem før sak 036/23, og at sak 055/23 kjem etter 045/23.

Aslak André Bakke (H) gjekk inn som varaordførar fram til Inger-Lise Brekke (H) var på plass.

Handsaming i kommunestyret:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke, med tillegg som lista over.

KS - 033/23 - 22.06.2023 - Vedtak:

Innkalling og sakliste vart godkjent

034/23: Godkjenning av møteprotokoll

Kommunedirektøren sitt framlegg:

Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent

22.06.2023 KOMMUNESTYRET

Handsaming i kommunestyret:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

KS - 034/23 - 22.06.2023 - Vedtak:

Møteprotokoll frå forrige møte vart godkjent

035/23: Meldingar

Kommunedirektøren sitt framlegg:

Meldingane vert tekne til orientering

22.06.2023 KOMMUNESTYRET

Handsaming i kommunestyret:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

KS - 035/23 - 22.06.2023 - Vedtak:

Meldingane vart tekne til orientering

036/23: Orienteringssak

Kommunedirektøren sitt framlegg:

22.06.2023 KOMMUNESTYRET

Ordførar Per Lerøy (Ap) orienterte om den kartlegginga som han sjølv har sett i gang opp mot lokale utbyggerarar, for bygging av bustader med livsløpsstandard. Same orientering er tidlegare gitt til Eldrerådet, i deira møte 13. juni.

- Kommunen har for ein del år sidan gått ein runde med Lindåsneset pensjonistlag, med tanke på kvar eldre på Kaland/Fonnes ønske å bu når dei vart eldre.
- Kanskje litt overraskande ville dei som var med i undersøkinga bu i eit område midt på Kaland, dei ville bu der det var folk, flatt og god tilkomst, nærleik til servicetilbod som buss med meir.
- Kommunen har i ettertid omregulert dette området til bustad, og har deretter tatt ei masseutskifting der samstundes som ein skifta ut VA-anlegget som gjekk over arealet.
- Dette arealet trengs å løftast ein halvmeter, så kan det støypast ringmur og setta i gang.
- Kommunen eig allereie eit areal ved Fonnes Senter som ligg tett ved dette området, og som kan vera ein parkeringsplass.
- Ser også på om ein kan bygga bustader tilknytt ein ny sjukeheim.
- Samarbeider med Husbanken, som har komme med innspel på at det må kallast bustader med livsløpsstandard og ikkje eldrebustader.

- Ser for seg finansiering gjennom Husbanken, fleire av verksemdene har alt samarbeid med Husbanken på andre prosjekt.
- Har sett konkret på to areal ved Mastrevik, på framsida av Sætremarka, og eit areal som Furuly (sanitetslaget) har sikra seg frå ein privat eigar.
- Etter annonsering har seks byggefirma meldt si interesse, fire frå Alver og to frå Austrheim.
- På Kaland kan ein bygga 12 einingar, ved Sætremarka 8-12 einingar, og ved Furuly er det plass til 8 einingar.
- Gode tilbakemeldingar frå verksemdene som var med.
- Verksemdene har fått frie tøyler til å sjå for seg om dei skal eiga det sjølv, om kommunen skal eiga eller anna. Nokre har gitt innspel på at dei kan bygga og ta vedlikehaldsansvar dei første ti åra.
- Ser at dersom kommunen bygger så får ein 25 prosent MVA tilbake. Bakdelen er at kommunen ikkje bør låna meir, med tanke på at det skal byggast ny sjukeheim.
- Ordføraren skal kalla inn igjen verksemdene for ein prat, og så vil ein ta dei mest interessante prosjekta inn til Husbanken.
- Vil også sondera om det er interesse mellom dei eldre for å leiga bustad til den prisen som desse bustadene får.
- Prosjektet vil komma til handsaming/høyring til både folkevalde og andre interessentar.
- I tillegg til dette har Kystlandsbyen komme med innspel på at dei vil bygga eit leilegheitsbygg bak Mastrevik Torg, 33 leilegheiter frå 43-44 kvadratmeter til 93/94 kvadratmeter.
- Om plassering sa Lerøy at det for kommunen sin del er bra å ha slike bustader tett på kommunesenteret, eller sentralt på Kaland.
- Skal jobbast med anbodskriteria til anbudsprosessen, med krav til standard og pris. Viktig at ein ikkje bygger så dyrt at folk ikkje kan flytta inn der, tilbakemeldinga er at mange ikkje vil stifta ny gjeld når dei skal flytta frå eige hus og til leilegheit.
- Må sjå på ulike løysingar av finansiering, mellom anna med bruk av støtte frå Husbanken. Mange moglegheiter, skal avklara vidare dei kommande vekene.
- Husbanken er gitt ekstra midlar til nettopp å bygga bustader med livsløpsstandard. Må henta inn kunnskap om kvar folk ønskjer seg å bu, så no må ein gå ut til innbyggjarane om kva konsept dei kan tenkja seg (eiga, leiga, burettslag, mm) og kvar dette bør ligga.
- Spennande prosess, om me kan få til dette kan ein avlasta behovet som ligg til sjukeheimen i dag, og kan nedskalera den kommande sjukeheimen. Har fått tilbakemeldingar frå heimetenesta om at ein del bygningar bør ligga så sentralt at bebuarane kan ta seg til butikken med rullator eller liknande. Må jobba tett med fleire partar i denne saka.
- Ser for seg parallelle løp, med utbygging både på Kaland og ved Sætremarka. Trur me har interesserte aktørar begge stader, utbyggjarane ser for seg at dette er noko dei kan ta på seg for å halda aktiviteten oppe når det kjem nedgang i byggeaktiviteten framover.

Aslak Bakke (H) spurte om det er mogleg å kombinera utbygginga av bustader for eldre med bustader for yngre innbyggjarar og nye innflyttarar. Her svara ordførar Per Lerøy (Ap) at kravet frå Husbanken per no er bustader med livsløpsstandard, men at det ikkje er krav om kven som bur der. Likevel kan dette med eldre vera eit krav i nye støtteordningar frå regjeringa. Om det ikkje vert bustader for yngre så kan ein få frigjort dei eldre sine bustader når dei flyttar, slik at tilbodet til yngre er større. Vidare har Austrheim kommunale Eigedomsselskap (AKE) fått i oppdrag av kommunedirektøren å bygga nye bustader til unge.

Ordførar Per Lerøy (Ap) sa at ein ikkje er klar med gruppe som skal sjå på energibruk i dei kommunale bygga, og energieffektivisera desse, herunder også skaffa solenergi. Men vil få inn tilbod frå ulike verksemdar som ønskjer å ta på seg arbeidet med å vurdera kvar ein kan redusera energibruken.

Her sa Reidar Ulvøy (Ap) at ein må sjå nærare på kor mykje energi ein kan henta ut av produksjon av tidevass-straumane. Her er det mogleg å etablara ei ny større næring, starta med tidevass-straumane og så kan ein gå vidare med havstraumar. Her svara Lerøy at dette er ei eiga sak.

Ordførar Per Lerøy (Ap) at Austrheim har støtta styret i Bergen Hamn i deira arbeid med å finna ulike alternativ for hamneaktivitet etter flytting frå dagens lokalisering, herunder vurderinga av å bruka Flesland som hamn for trafikk med ferje til Danmark og eventuelt England. Så langt vert desse vurderingane finansierte med bruk av driftsmidlar i Bergen Hamn, og det er ikkje noko som forpliktar kommunane utan at det kjem til kommunestyra som eiga sak. Det er tale om store investeringar som må gjerast. Austrheim eig 1 prosent, har sagt at det ikkje er aktuelt å gå inn med midlar her, dette må vera investeringar som er sjølvfinansierande, der eigarane ikkje treng å gå inn med nye midlar, då vil kommunen eventuelt måtta vurdere å trekka seg ut.

Rolf Henning Myrmel orienterte om status for ulike prosjekt.

Presentasjonen ligg ved protokollen.

Reidar Ulvøy (Ap) gav honnør for at dei ulike prosjekta var innanfor dei kostnadsrammene som var gitt, som skule og VA som var dei største prosjekta.

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug orienterte om at det vert temamøte om psykisk helse/rus for ungdom i kommunestyret i september.

Kommunalsjef helse og velferd, Anne Hildegunn Færøy, orienterte om arbeidet med heiltidskultur.

Presentasjonen ligg ved protokollen.

Kommunalsjef helse og velferd, Anne Hildegunn Færøy, orienterte om sjukepleiarsituasjonen ved Nordliheimen.

Presentasjonen ligg ved protokollen.

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug orienterte om kommunebarometeret.

Presentasjonen ligg ved protokollen.

Økonomi- og HR-sjef Odd Harald Dommersnes gjekk gjennom tala for sjukefråværet.

Har ikkje så mykje korttidsfråvær, det er langtidsfråværet som dreg opp.

Presentasjonen ligg ved protokollen.

Aslak Bakke (H) sa om sjukefråværet at det er viktig å vera kreativ med tanke på kva løysingar ein kan finna for dei som er langtidssjukemelde.

Økonomi- og HR-sjef Odd Harald Dommersnes gjekk gjennom økonomirapporten.

Presentasjonen ligg ved protokollen.

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug orienterte om avvikssystemet.

Presentasjonen ligg ved protokollen.

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug svarte ut spørsmål frå Bygdelista om Arbeidssenteret.

Fjellhaug viste til at det ikkje er lagt inn budsjettmidlar til arbeidssenteret. Dette er kjøpt av AKE, dei ser på kva som er naudsynt å gjera på kort sikt, eller om det er andre lokale som er betre eigna til det er klart med eit nytt lokale.

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug spurte kommunestyret i samband med at alle kommunar i regionen er oppmoda til å flagga den 25. juni på eittårsdagen for terrorskytinga i Oslo. Vil elles komma eit flaggreglement for Austrheim kommune.

Her spurte Reidar Ulvøy om det skal flaggast med norsk flagg eller prideflagg, kommunedirektøren svara at det er regnboge/prideflagg, det sa Reidar Ulvøy at han er mot. Reidar Øksnes ba om at det vart teke opp seinare i møtet som eiga sak. Det sa ordførar Per Lerøy seg samd i, og saka vart teke opp til avrøysting etter dei ordinære sakene.

Handsaming i kommunestyret:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

KS - 036/23 - 22.06.2023 - Vedtak:

Orienteringane vert teke til vitande.

037/23: Tilstandsrapport for barnehage og grunnskule, 2022/2023

Kommunedirektøren sitt framlegg:

Kommunestyret tek tilstandsrapporten for barnehage og grunnskule 2022/2023 til orientering.

22.06.2023 KOMMUNESTYRET

Kommunalsjef oppvekst og kultur, Trine M. Jansen, orienterte overordna om saka. Presentasjonen ligg ved protokollen.

Styrar i Kystbarnehagen Britt Ystebø, og styrar i Kaland barnehage Sissel B. Monslaup, orienterte om situasjonen i barnehagane. Presentasjonen ligg ved protokollen.

Rektor på Kaland skule Birgitte Gullaksen, og rektor på Årås skule Bodil Boie Brekkan, orienterte om situasjonen ved skulane. Presentasjonen ligg ved protokollen.

Spørsmål og debatt:

Helge Dyrkolbotn (KrF) spurte om utfordringane kring bemanning i barnehagane det siste året, med stengte avdelingar, og spurte om styrarane hadde ein fasit på kva ein kan gjera for å unngå dette. Britt Ystebø svara at det denne gongen var mykje sjukemeldingar på ein gong, og det var ekstraordinært. Men det er til vanleg to tilsette som er ute med sjukdom, så det hadde vore behov for to stillingar slik at ein kunne sleppa å vera for få.

Reidar Øksnes (Sp) spurte om det var mogleg å inngå avtalar med ulike firma, som gjerne er avhengige av at dei tilsette får barnehageplass for å starta i jobb der. Per Lerøy (Ap) sa at dette er noko ein har hatt tidlegare, og som det kan vera aktuelt å sjå på.

Britt Lerøy (Ap) sa at det må vera mogleg å ha faste stillingar heller enn vikarar og overtid. Vikarbruk kostar også, og krev mykje arbeid med å henta inn. Ba om at barnehagane kom med innspel til budsjettprosessen på korleis dette kan løysast. Ystebø spurte også om tilhøvet mellom barn og plassar, fekk svar om at barn under 3 år tar 2 plassar.

Reidar Ulvøy (Ap) ba om at administrasjonen må syta for meir fleksibilitet, at tilsette kan jobba ulike stader, som i både barnehage og skule.

Kommunalsjef oppvekst og kultur, Trine M. Jansen, sa om bemanning at det ser ut for at rammene til bemanning i barnehagane er litt for knappe. Elles ser ein nasjonalt at det er høgt sjukefråvær i barnehagane, det er gjerne krevjande å stå i ein arbeidssituasjon med stort press og mykje å ta seg av. Om fleksibilitet mellom barnehage og skule sa Jansen at det er vanskeleg sidan det er så stort press begge stader. Men for dei to sist tilsette i barnehage er det presisert at det skal vera fleksibilitet på arbeidsstad.

Britt Lerøy (Ap) viste til erfaringa frå Helse Bergen om bemanningssenter, der ein kartlegg kompetansen, og lar tilsette jobba ulike stader der dei er kvalifiserte.

Ordførar Per Lerøy (Ap) ba om at kommunedirektøren orienterte om reparasjon av hærverk.

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug svara at dette skal ordnast delvis av teknisk eining, eller ved innsats frå elevar som har gjort hærverk og deira foreldre. Vidare vedlikehald av ulike bygg ligg i vedlikehaldsplanen.

Om symjehallen på Kaland sa Fjellhaug at dette kjem som ei eiga sak til hausten, for å få oversikt over kva som må renoverast. Ønskjer å ta med seg gymsalen på Kaland i same prosjekt, gymsalen er det rommet på Kaland som står att å renovera.

Helge Dyrkolbotn (KrF) takka for orienteringa og det arbeidet som er gjort. Dyrkolbotn sa vidare at det ikkje er noko som er så lett som å øydelegga, som det som er litt øydelagt frå før. Litt verre å gjera nytt hærverk når det ser OK ut.

Reidar Øksnes (Sp) sa at det var ei god orientering, men kommunen kunne klart seg utan dette problemet med språkbruk og rasisme. Her må kommunestyret går inn meir aktivt. For hærverk må ein både leggja inn midlar i budsjetta, og jobba med å ansvarleggjera foreldra på ein sterkare måte.

Foreldre og besteforeldre har også eit ansvar her.

Ordførar Per Lerøy (Ap) sa at foreldra har mykje ansvar her.

Reidar Ulvøy (Ap) viste til besøket frå ungdomsrådet tidlegare i vår, og at ungdommane hadde etterlyst helsesjukepleiar og andre å snakka med. Ulvøy spurte om skulane har nok ressursar av denne typen. Bodil Boie Brekkan svara om Årås skule at dei har helsesjukepleiar tre dagar i veka, tilbakemeldingar frå helsesjukepleiar er at tida går til enkeltsamtalar, og er lite tid til systemtiltak. Helge Dyrkolbotn viste til at AVS har helsesjukepleiar to dagar i veka, og dei har frå hausten tilsett to miljøkoordinatorar som skal jobba med å støtta elevane, mellom anna dei som har flytta heimefrå og bur på hybel i Austrheim.

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug sa at midlar til uteområdet ved Årås skule kjem med i den neste økonomi- og budsjettplanen. Vidare sa Fjellhaug at kommunestyret vil få vidare orienteringar i første møte til hausten om arbeidet med helsesjukepleiar og denne typen tilbod. Jobbar også med å skaffa psykolog til kommunen, og har lyst ut ei prosjektstilling innan mellom anna psykisk helse.

Handsaming i kommunestyret:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

KS - 037/23 - 22.06.2023 - Vedtak:

Kommunestyret tek tilstandsrapporten for barnehage og grunnskule 2022/2023 til orientering.

038/23: Nye deltakarkommunar i Bergen og Omland Friluftsråd

Kommunedirektøren sitt framlegg:

Kommunestyret i Austrheim kommune gir med dette sin tilslutnad til at kommunane Fedje, Gulen, Masfjorden og Modalen blir nye deltakarar i Bergen og Omland Friluftsråd Kommunalt Oppgavefelleskap, med verknad frå 01.01.2024. Dei nye deltakarkommunane sitt ansvar og forplikningar følgjer av samarbeidsavtalen, og av lov om kommunar og fylkeskommunar (LOV-2018-06-22-83, frå 01.01.2020 «kommunelova»).

08.06.2023 FORMANNSKAPET

Kommunalsjef Trine Merete Jansen orienterte om at nabokommunane ønsker å bli med i oppgavefelleskapet.

Handsaming i formannskapet:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke

FS - 061/23 - 08.06.2023 - Vedtak:

Formannskapet tilrår:

Kommunestyret i Austrheim kommune gir med dette sin tilslutnad til at kommunane Fedje, Gulen, Masfjorden og Modalen blir nye deltakarar i Bergen og Omland Friluftsråd Kommunalt Oppgavefelleskap, med verknad frå 01.01.2024. Dei nye deltakarkommunane sitt ansvar og forplikningar følgjer av samarbeidsavtalen, og av lov om kommunar og fylkeskommunar (LOV-2018-06-22-83, frå 01.01.2020 «kommunelova»).

22.06.2023 KOMMUNESTYRET

Ordførar Per Lerøy (Ap) refererte til saksutgreiing med framlegg til vedtak.

Handsaming i kommunestyret:

Formannskapet si tilråding til vedtak vart samrøystes vedteke.

KS - 038/23 - 22.06.2023 - Vedtak:

Kommunestyret i Austrheim kommune gir med dette sin tilslutnad til at kommunane Fedje, Gulen, Masfjorden og Modalen blir nye deltakarar i Bergen og Omland Friluftsråd Kommunalt Oppgavefelleskap, med verknad frå 01.01.2024. Dei nye deltakarkommunane sitt ansvar og forplikingar følgjer av samarbeidsavtalen, og av lov om kommunar og fylkeskommunar (LOV-2018-06-22-83, frå 01.01.2020 «kommunelova»).

039/23: Tilslutting til avtale om utviding av syns- og audiopedagogisk teneste

Kommunedirektøren sitt framlegg:

Austrheim kommune sluttar seg til den nye avtalen for Syns- og audiopedagogisk teneste (SAPT).

Kommunestyret i Austrheim ber om at SAPT vurderer ei utviding av tilbodet til å gjelda også brukarar over 70 år, slik styret i SAPT alt har signalisert.

22.06.2023 KOMMUNESTYRET

Kommunalsjef oppvekst og kultur, Trine M. Jansen, orienterte om saka jamfør saksutgreiinga. Handsaming i kommunestyret:
Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

KS - 039/23 - 22.06.2023 - Vedtak:

Austrheim kommune sluttar seg til den nye avtalen for Syns- og audiopedagogisk teneste (SAPT).

Kommunestyret i Austrheim ber om at SAPT vurderer ei utviding av tilbodet til å gjelda også brukarar over 70 år, slik styret i SAPT alt har signalisert.

040/23: Busetting av flyktningar 2023 - ekstraoppmoding frå IMDI

Kommunedirektøren sitt framlegg:

Kommunedirektøren tilrår at Austrheim kommune imøtekjem IMDI si oppmoding om å busette til saman 25 flyktningar i 2023.

22.06.2023 KOMMUNESTYRET

Kommunalsjef oppvekst og kultur, Trine M. Jansen, orienterte om saka jamfør saksutgreiinga. Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn (Sp) hadde ei oppmoding til heile kommunestyret om å vera med på å inkludera flyktningane frå Ukraina, både som innbyggjarar og som kommune. Handsaming i kommunestyret:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

KS - 040/23 - 22.06.2023 - Vedtak:

Kommunedirektøren tilrår at Austrheim kommune imøtekjem IMDI si oppmoding om å busette til saman 25 flyktningar i 2023.

041/23: Samarbeidsavtale for IUA Bergen region KOF om interkommunalt samarbeid mot akutt forureining

Kommunedirektøren sitt framlegg:

Austrheim kommune vedtar samarbeidsavtalen for *Interkommunalt samarbeid mot akutt forurensning Bergen region kommunalt oppgåvefelleskap*.

08.06.2023 FORMANNSKAPET

Einingsleiar Asbjørn Nagell Toft orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Handsaming i formannskapet:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke

FS - 051/23 - 08.06.2023 - Vedtak:

Formanskapet tilrår:

Austrheim kommune vedtar samarbeidsavtalen for Interkommunal samarbeid mot akutt forurensning Bergen region kommunalt oppgåvefelleskap.

22.06.2023 KOMMUNESTYRET

Avdelingsleiar plan Asbjørn Toft orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Handsaming i kommunestyret:

Formannskapet si tilråding til vedtak vart samrøystes vedteke.

KS - 041/23 - 22.06.2023 - Vedtak:

Austrheim kommune vedtar samarbeidsavtalen for Interkommunalt samarbeid mot akutt forurensning Bergen region kommunalt oppgåvefelleskap.

042/23: Uttale frå Austrheim kommune om klagepraksis hjå Statsforvaltaren i Vestland på dispensasjonsaker i sone tre for differensiert forvaltning av strandsona

Kommunedirektøren sitt framlegg:

Austrheim kommune viser til saksutgreiinga under som er ein uttale om klagepraksis hjå Statsforvaltaren i Vestland på dispensasjonsaker i sone tre for differensiert forvaltning av strandsona.

Me viser til saksutgreiing og til følgjande saker:

1. Flytebyggje på gbnr. 166/1 – Vestre Sævrøy (saksnr. 100/21)
2. Riving av notbu og oppføring av fritidsleiligheter på gbnr. 132/9 – Utkilen (saksnr. 054/22)
3. Flytebyggje på gbnr. 134/2 – Straumstad (saksnr. 086/22)
4. Deling og oppføring av naust på gbnr. 139/7 – Solend (115/22)

Me viser også til presentasjonen som **avdelingsdirektør Erik Vieth Pedersen**, Kommunal- og distriktsdepartementet held på møtet «Kommunane møter staten» på Solstrand Hotel & Bad 25. januar i år, og til møtet med Statsforvaltar Liv Signe Navarsete i Region Nordhordland 13. januar i år. Me viser og til rettleiarheftet «Ny næring i gamle bygg i strandsona» som vart gitt ut i 2014 med støtte frå både Fylkesmannen i Hordaland og Hordaland fylkeskommune.

Kommunestyret i Austrheim kommune vil ikkje godta vedtaka som Statsforvaltaren i Vestland har fatta i dei fire sakene me viser til over. Me meiner at Statsforvaltaren sine vedtak heilt klårt bryt med departementet sine retningslinjer for kommunalt sjølvstyre. Me viser her også til regjeringa si Tillitsreform, der det mellom anna heiter: Regjeringa vil gje større fridom til kommunale og regionale myndigheitene, som dei viktigaste tenesteytarane.

Når det gjeld sak 1 og 3, så gjeld dette små flytebyggjer som skal festast i gamle, eksisterande steinbyggjer. Det er altså ikkje snakk om nye inngrep i naturen, men gode tiltak for å gjera det tryggare for brukarane å koma seg til og frå båtane sine. Ingen naboar har klaga på tiltaka, og eit samrøysta formannskap har gått inn for å gje løyve til å leggja ut flytebyggjer i begge sakene i tråd med tilrådingane frå kommunedirektøren.

Når det gjeld sak to, riving av eit næringsbygg som gjekk ut av drift for om lag 50 år sidan, og bygging av eit nytt bygg i same stil for å driva utleigebustadar. Dette må vere heilt i tråd med intensjonane i rettleiaren «Ny næring i gamle bygg i strandsona». Me gjer merksam på at dette bygget ligg i Kilstraumen, like i nærleiken av Kilstraumen Brygge. Kommunen prøver å leggja til rette for utvikling av reiselivsnæringa i Austrheim, og dette området er svært godt eigna til ei slik satsing. Ombygging av den gamle notbua passar derfor som hand i hanske med kommunen sin reiselivsstrategi. Me stiller også spørsmål om dette i det heile skal vera ei dispensasjonssak. Me snakkar her om eit næringsbygg som ligg i eit område der det har vore næringsaktivitet sidan 1915. Det tilstøytane arealet er LNF-område, men sjølve tomta og kaianlegget har vore eit næringsareal i meir enn hundre år. Også i denne saka var kommunedirektøren positiv til tiltaket, og eit samla formannskap følgde kommunedirektøren si innstilling. Me kan derfor ikkje under noko omstende godta Statsforvaltaren si avgjerd i denne saka.

Sak 4 stiller me oss like undrande til. Her er det snakk om å byggja nye naust i eit eksisterande naustmiljø, der det er opparbeida veg og eksisterande båtplassar. Området er ikkje eit område som vert brukt verken til turgåing eller bading. Fortetting i eksisterande naustmiljø er noko Statsforvaltaren tidlegare har signalisert som gode løysingar i strandsona. Derfor kom kommunedirektøren med ei positiv innstilling til søknaden og eit samla formannskap støtta kommunedirektøren si innstilling. Kommunestyret i Austrheim kan heller ikkje i denne saka godta Statsforvaltaren si avgjerd.

Me ber om at Statsforvaltaren snarast ser på desse fire sakene på nytt, og inviterer med dette Statsforvaltar Liv Signe Navarsete til synfaring i Austrheim kommune. Viss ikkje vedtaka i desse sakene vert endra av Statsforvaltaren i Vestland, vil me senda sakene til Kommunal- og distriktsdepartementet og be om at departementet vurderer om Statsforvaltaren i Vestland følgjer dei nasjonale retningslinjene når det gjeld forvaltning av strandsona for kommunar i sone 3.

Utdrag frå presentasjonen til avdelingsdirektør Erik Vieth Pedersen:

Statlige planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen

- SPR utdyper og konkretiserer plan- og bygningslovens bestemmelser om bygging i 100-metersbeltet
- Reviderte retningslinjer vedtatt i mai 2021
- Differensiert forvaltning – ulike føringer i ulike deler av landet ut fra utbyggingspress m.m.
- Kommuner i spredt bebygde strøk med lavt utbyggingspress gis økt handlingsrom (sone 3 og deler av sone 2)
- Vurdere behovet for statlige planretningslinjer for kystnære sjøområder

08.06.2023 FORMANNSKAPET

Einingsleiar Asbjørn Nagell Toft orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Ordførar Per Lerøy (AP), det blir jobba i region for å hente inn meir informasjon om presentasjon frå det årlege møte der staten møtar kommunane. .

Inger-Lise Brekke (H), spurte om tilitsreformen kan den vere eit argument i slike saker. Til det svara Asbjørn Nagell Toft at reformen i seg sjølv er meir retta mot at tilsette skal ha tillit i jobben dei gjer.

Bjørn Inge Dyrkolbotn (Sp) sa at han ville vore endra krassare i si uttale og fekk svar frå ordføraren at det er det som vert jobba mot før vedtak i kommunestyret.

Handsaming i formannskapet:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke

FS - 052/23 - 08.06.2023 - Vedtak:

Formannskapet tilrår:

Austrheim kommune viser til saksutgreiinga under som er ein uttale om klagepraksis hjå Statsforvaltaren i Vestland på dispensasjonsaker i sone tre for differensiert forvaltning av strandsona.

22.06.2023 KOMMUNESTYRET

Framlegg til uttale foreslått av: Per Lerøy

Me viser til saksutgreiing og til følgjande saker:

1. Flytebyggje på gbnr. 166/1 – Vestre Sævrøy (saksnr. 100/21)
2. Riving av notbu og oppføring av fritidsleiligheter på gbnr. 132/9 – Utkilen (saksnr. 054/22)
3. Flytebyggje på gbnr. 134/2 – Straumstad (saksnr. 086/22)
4. Deling og oppføring av naust på gbnr. 139/7 – Solend (115/22)

Me viser også til presentasjonen som avdelingsdirektør Erik Vieth Pedersen, Kommunal- og distriktsdepartementet held på møtet «Kommunane møter staten» på Solstrand Hotel & Bad 25. januar i år, og til møtet med Statsforvaltar Liv Signe Navarsete i Region Nordhordland 13. januar i år.

Me viser og til rettleiarheftet «Ny næring i gamle bygg i strandsona» som vart gitt ut i 2014 med støtte frå både Fylkesmannen i Hordaland og Hordaland fylkeskommune.

Kommunestyret i Austrheim kommune vil ikkje godta vedtaka som Statsforvaltaren i Vestland har fatta i dei fire sakene me viser til over. Me meiner at Statsforvaltaren sine vedtak heilt klårt bryt med departementet sine retningslinjer for kommunalt sjølvstyre. Me viser her også til regjeringa si Tillitsreform, der det mellom anna heiter: Regjeringa vil gje større fridom til kommunale og regionale myndigheitene, som dei viktigaste tenesteytarane.

Når det gjeld sak 1 og 3, så gjeld dette små flytebyggjer som skal festast i gamle, eksisterande steinbyggjer. Det er altså ikkje snakk om nye inngrep i naturen, men gode tiltak for å gjera det tryggare for brukarane å koma seg til og frå båtane sine. Ingen naboar har klaga på tiltaka, og eit samrøysta formannskap har gått inn for å gje løyve til å leggja ut flytebyggjer i begge sakene i tråd

med tilrådingane frå kommunedirektøren.

Når det gjeld sak to, riving av eit næringsbygg som gjekk ut av drift for om lag 50 år sidan, og bygging av eit nytt bygg i same stil for å driva utleigebustadar. Dette må vere heilt i tråd med intensjonane i rettleiaren «Ny næring i gamle bygg i strandsona». Me gjer merksam på at dette bygget ligg i Kilstraumen, like i nærleiken av Kilstraumen Brygge. Kommunen prøver å leggja til rette for utvikling av reiselivsnæringa i Austrheim, og dette området er svært godt eigna til ei slik satsing.

Ombygging av den gamle notbua passar derfor som hand i hanske med kommunen sin reiselivsstrategi. Me stiller også spørsmål om dette i det heile skal vera ei dispensasjonssak. Me snakkar her om eit næringsbygg som ligg i eit område der det har vore næringsaktivitet sidan 1915. Det tilstøytane arealet er LNF-område, men sjølve tomten og kaianlegget har vore eit næringsareal i meir enn hundre år. Også i denne saka var kommunedirektøren positiv til tiltaket, og eit samla formannskap følgde kommunedirektøren si innstilling. Me kan derfor ikkje under noko omstende godta Statsforvaltaren si avgjerd i denne saka.

Sak 4 stiller me oss like undrande til. Her er det snakk om å byggja nye naust i eit eksisterande naustmiljø, der det er opparbeida veg og eksisterande båtplassar. Området er ikkje eit område som vert brukt verken til turgåing eller bading. Fortetting i eksisterande naustmiljø er noko Statsforvaltaren tidlegare har signalisert som gode løysingar i strandsona. Derfor kom kommunedirektøren med ei positiv innstilling til søknaden og eit samla formannskap støtta kommunedirektøren si innstilling.

Kommunestyret i Austrheim kan heller ikkje i denne saka godta Statsforvaltaren si avgjerd.

Me ber om at Statsforvaltaren snarast ser på desse fire sakene på nytt, og inviterer med dette Statsforvaltar Liv Signe Navarsete til synfaring i Austrheim kommune. Viss ikkje vedtaka i desse sakene vert endra av Statsforvaltaren i Vestland, vil me senda sakene til Kommunal- og distriktsdepartementet og be om at departementet vurderer om Statsforvaltaren i Vestland følgjer dei nasjonale retningslinjene når det gjeld forvaltning av strandsona for kommunar i sone 3.

Utdrag frå presentasjonen til avdelingsdirektør Erik Vieth Pedersen:

Statlige planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen

- SPR utdyper og konkretiserer plan- og bygningslovens bestemmelser om bygging i 100-metersbeltet
- Reviderte retningslinjer vedtatt i mai 2021
- Differensiert forvaltning – ulike føringer i ulike deler av landet ut fra utbyggingspress m.m.
- Kommuner i spredt bebygde strøk med lavt utbyggingspress gis økt handlingsrom (sone 3 og deler av sone 2)
- Vurdere behovet for statlige planretningslinjer for kystnære sjøområder

Avdelingsleiar plan Asbjørn Toft orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Her var det frå partia H og Ap utarbeidd eit nytt framlegg til vedtak, som sakshandsamar Toft refererte til kommunestyret. Framlegget var distribuert også til dei andre partia sine representantar.

Ordførar Per Lerøy (Ap) spurte om dette er noko kommunestyret kan stilla seg bak.

Reidar Øksnes (Sp) viste til at ei flytebrygge er det mest skånsame inngrepet ein kan ha, den kan fjernast etterpå, det kan ikkje ein kai. Øksnes spurte vidare om uttalen brenner alle bruer med denne ordlyden.

Reidar Ulvøy (Ap) sa at tiltaket på Utkilen ikkje burde vore dispensasjonssøknad i det heile, dette var eit næringsområde som eigar ønskjer å bruka til næring. Ba om ei klargjering av om dette skal krevja dispensasjon. Her svara Asbjørn Toft at det var naudsynt med dispensasjon, og at administrasjonen ikkje legg opp til dispensasjonssaker der det ikkje trengst.

Helge Dyrkolbotn (KrF) sa at det er rett å seia skikkeleg ifrå, men ba om at ein endra «ikkje under nok omstende» til «kan ikkje godta», Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn (Sp) sa at det burde vera «vil ikkje». Det fekk støtte frå kommunestyret. Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn (Sp) sa vidare at det er skuffande at ikkje statsforvaltar kjem på synfaring.

Ordførar Per Lerøy viste elles til signala som er gitt om å skilja sterkare mellom strandsona 1, 2 og 3.

Lerøy sa at uttalen skal språkvaskast noko, før innsending.

Handsaming i kommunestyret:

Ny uttaletekst samrøystes vedteke i kommunestyret

KS - 042/23 - 22.06.2023 - Vedtak:

Me viser til saksutgreiing og til følgjande saker:

1. Flytebryggje på gbnr. 166/1 – Vestre Sævrøy (saksnr. 100/21)
2. Riving av notbu og oppføring av fritidsleiligheter på gbnr. 132/9 – Utkilen (saksnr. 054/22)
3. Flytebryggje på gbnr. 134/2 – Straumstad (saksnr. 086/22)
4. Deling og oppføring av naust på gbnr. 139/7 – Solend (115/22)

Me viser også til presentasjonen som **avdelingsdirektør Erik Vieth Pedersen**, Kommunal- og distriktsdepartementet held på møtet «Kommunane møter staten» på Solstrand Hotel & Bad 25. januar i år, og til møtet med Statsforvaltar Liv Signe Navarsete i Region Nordhordland 13. januar i år.

Me viser og til rettleiarheftet «Ny næring i gamle bygg i strandsona» som vart gitt ut i 2014 med støtte frå både Fylkesmannen i Hordaland og Hordaland fylkeskommune.

Kommunestyret i Austrheim kommune vil ikkje godta vedtaka som Statsforvaltaren i Vestland har fatta i dei fire sakene me viser til over. Me meiner at Statsforvaltaren sine vedtak heilt klårt bryt med departementet sine retningslinjer for kommunalt sjølvstyre. Me viser her også til regjeringa si Tillitsreform, der det mellom anna heiter: Regjeringa vil gje større fridom til kommunale og regionale myndigheitene, som dei viktigaste tenesteytarane.

Når det gjeld sak 1 og 3, så gjeld dette små flytebryggjer som skal festast i gamle, eksisterande steinbryggjer. Det er altså ikkje snakk om nye inngrep i naturen, men gode tiltak for å gjera det tryggare for brukarane å koma seg til og frå båtane sine. Ingen naboar har klaga på tiltaka, og eit samrøysta formannskap har gått inn for å gje løyve til å leggja ut flytebryggjer i begge sakene i tråd med tilrådingane frå kommunedirektøren.

Når det gjeld sak to, riving av eit næringsbygg som gjekk ut av drift for om lag 50 år sidan, og bygging av eit nytt bygg i same stil for å driva utleigebustadar. Dette må vere heilt i tråd med intensjonane i rettleiaren «Ny næring i gamle bygg i strandsona». Me gjer merksam på at dette bygget ligg i Kilstraumen, like i nærleiken av Kilstraumen Brygge. Kommunen prøver å leggja til rette for utvikling av reiselivsnæringa i Austrheim, og dette området er svært godt eigna til ei slik satsing. Ombygging av den gamle notbua passar derfor som hand i hanske med kommunen sin reiselivsstrategi. Me stiller også spørsmål om dette i det heile skal vera ei dispensasjonssak. Me snakkar her om eit næringsbygg som ligg i eit område der det har vore næringsaktivitet sidan 1915. Det tilstøytane arealet er LNF-område, men sjølve tomten og kaianlegget har vore eit næringsareal i meir enn hundre år. Også i denne saka var kommunedirektøren positiv til tiltaket, og eit samla formannskap følgde kommunedirektøren si innstilling. Me kan derfor ikkje under noko omstende godta Statsforvaltaren si avgjerd i denne saka.

Sak 4 stiller me oss like undrande til. Her er det snakk om å byggja nye naust i eit eksisterande naustmiljø, der det er opparbeida veg og eksisterande båt plassar. Området er ikkje eit område som vert brukt verken til turgåing eller bading. Fortetting i eksisterande naustmiljø er noko Statsforvaltaren tidlegare har signalisert som gode løysingar i strandsona. Derfor kom kommunedirektøren med ei positiv innstilling til søknaden og eit samla formannskap støtta kommunedirektøren si innstilling. Kommunestyret i Austrheim kan heller ikkje i denne saka godta Statsforvaltaren si avgjerd. Me ber om at Statsforvaltaren snarast ser på desse fire sakene på nytt, og inviterer med dette Statsforvaltar Liv Signe Navarsete til synfaring i Austrheim kommune. Viss ikkje vedtaka i desse sakene vert endra av Statsforvaltaren i Vestland, vil me senda sakene til Kommunal- og distriktsdepartementet og be om at departementet vurderer om Statsforvaltaren i Vestland følgjer dei nasjonale retningslinjene når det gjeld forvaltning av strandsona for kommunar i sone 3.

Utdrag frå presentasjonen til avdelingsdirektør Erik Vieth Pedersen:

Statlige planretningslinjer for **differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen**

- SPR utdyper og konkretiserer plan- og bygningslovens bestemmelser om bygging i 100-metersbeltet
- Reviderte retningslinjer vedtatt i mai 2021
- Differensiert forvaltning – ulike føringer i ulike deler av landet ut fra utbyggingspress m.m.
- **Kommuner i spredt bebygde strøk med lavt utbyggingspress gis økt handlingsrom (sone 3 og deler av sone 2)**
- Vurdere behovet for statlige planretningslinjer for kystnære sjøområder

043/23: Detaljregulering for fv. 565 Alversundbrua - Offentleg ettersyn - Merknad frå Austrheim kommune

Kommunedirektøren sitt framlegg:

Austrheim kommune sin uttale til planframlegget for Detaljregulering for fv. 565 Alversundbrua er vist i saksutgreiinga under.

08.06.2023 FORMANNSKAPET

Einingsleiar Asbjørn Nagell Toft orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga. Helge Dyrkolbotn (Krf) sa at dette er ei god uttale, Austrheim har god nytte av brua og dessutan er det mykje båttrafikk i leia der. Ordføraren sa seg eining i dette. Handsaming i formannskapet:
Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke

FS - 054/23 - 08.06.2023 - Vedtak:

Formannskapet tilrår:

Austrheim kommune sin uttale til planframlegget for Detaljregulering for fv. 565 Alversundbrua er vist i saksutgreiinga under.

22.06.2023 KOMMUNESTYRET

Avdelingsleiar plan Asbjørn Toft orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga. Handsaming i kommunestyret:
Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

KS - 043/23 - 22.06.2023 - Vedtak:

Austrheim kommune sin uttale til planframlegget for Detaljregulering for fv. 565 Alversundbrua er vist i saksutgreiinga under.

044/23: Val av medlemmer til prosjektgruppe - energi

Kommunedirektøren sitt framlegg:

Medlemmer i prosjektgruppe for energi:

- Reidar Øksnes
- Rolf Vik
- Maria Sognnes
- Ådne Utkilen
- Helge Dyrkolbotn
- Nikolai Fivesdal Semmingsen
- Aslak Bakke

Prosjektgruppa konstituerer seg i første møte.

02.05.2023 VALNEMNDA

Desse kandidatane var melde inn frå partia:

- Arbeidarpartiet: Rolf Vik, Reidar Ulvøy
- Senterpartiet: Reidar Øksnes
- Kristelig folkeparti: Helge Dyrkolbotn
- Høgre: Aslak Bakke, Maria Sognnes, Oskar Føyen, Roar Sognnes, Nicolai Fivesdal Semmingsen
- Bygdelista: Ådne Utkilen, Jan Nordø

Valnemnda sette saman ei liste på sju namn, som framlegg til vedtak i kommunestyret.

Valnemnda føresler at gruppa konstituerer seg i første møte.

Handsaming i valnemnda:

Samrøystes for felles framlegg til vedtak.

VAL - 003/23 - 02.05.2023 - Vedtak:

Medlemmer i prosjektgruppe for energi:

- Reidar Øksnes
- Rolf Vik
- Maria Sognnes
- Ådne Utkilen
- Helge Dyrkolbotn
- Nikolai Fivesdal Semmingsen
- Aslak Bakke

Prosjektgruppa konstituerer seg i første møte.

22.06.2023 KOMMUNESTYRET

Her var det meldt opp feil sak.

Den saka som skulle vore handsama var "**Mandat og budsjett for arbeidsgruppa og prosjektgruppa for energiproduksjon og energisparing i Austrheim kommune**"

Denne saka er lagt inn i protokollen etter dei andre sakene. Sjølvve vedtaket vart gjort under 036/23 (orienteringssaka).

KS - 044/23 - 22.06.2023 - Vedtak:

Lagt inn rett sak etter dei andre sakene.

045/23: Vedlikehaldsplan bygningar og anlegg, Austrheim kommune

Kommunedirektøren sitt framlegg:

Vedlikehaldsplan for Austrheim kommune vert godkjent slik den ligg føre. Økonomiske rammer for planlagt vedlikehald, vert fastsett kvart år i samband med handsaming av kommunen sitt budsjett og økonomiplan.

08.06.2023 FORMANNSKAPET

Einingsleiar Atle Vaage orienterte om saka. Bakgrunn er at eininga skal lage ein vedlikehaldsplan. Med denne saka legg ein prinsippa for korleis eininga skal tenkje. Dette er strategien, kostandane kjem i budsjettet. Det er etterslep på vedlikehald og det blir lagt opp til 5års syklusar i denne plan for førebyggjande vedlikehald og utanfor plan blir det kun akutte tilfelle gjort noko med. Eigedommane som Austrheim kommunale eigedomsselskap har overtatt blir ikkje omfatta av planen, der har selskapet ansvar for vedlikehald medan Austrheim kommune har ansvar om noko blir øydelagt. Fleire tok ordet og var samd i at dette var bra og at det vil gi forutsigbarheit i arbeidet.

Handsaming i formannskapet:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke

FS - 057/23 - 08.06.2023 - Vedtak:

Formannskapet tilrår:

Vedlikehaldsplan for Austrheim kommune vert godkjent slik den ligg føre. Økonomiske rammer for planlagt vedlikehald, vert fastsett kvart år i samband med handsaming av kommunen sitt budsjett og økonomiplan.

22.06.2023 KOMMUNESTYRET

Einingsleiar teknisk drift Atle Vaage orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Britt Skaalevik Lerøy (Ap) spurte om ein tenkjer på førebygging, og kva slags vedlikehaldsplanleggingsverktøy som vert brukt.

Vaage svara at dette vedlikehaldet skal vera førebyggande, mot akutt vedlikehald. Det systemet som er i bruk er FDV-systemet Facilit, som vert brukt til å styra arbeidet.

Handsaming i kommunestyret:

Formannskapet si tilråding til vedtak vart samrøystes vedteke.

KS - 045/23 - 22.06.2023 - Vedtak:

Vedlikehaldsplan for Austrheim kommune vert godkjent slik den ligg føre. Økonomiske rammer for planlagt vedlikehald, vert fastsett kvart år i samband med handsaming av kommunen sitt budsjett og økonomiplan.

046/23: Kulturmiljøplan for kystkommunen Austrheim 2023 - 2032 - frå steinalder til oljealder

Kommunedirektøren sitt framlegg:

Kulturmiljøplan for kystkommunen Austrheim 2023-2032 - frå steinalder til oljealder,

vert lagt ut på høyring med høyringsfrist 20. august 2023.

22.06.2023 KOMMUNESTYRET

Avdelingsleiar Kari T. Utkilen orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga. Planen vil bli trykt opp som hefte til utlån og til skulane, i tillegg til den digitale utgåva.

Varaordførar Inger Lise Brekke (H) takka for planen. Spurte om det var rett å bruka oljealder i tittelen sidan denne no er i ferd med å bli fasa ut.

Reidar Øksnes (Sp) spurte om høyringsfristen burde vore ein annan, lengre etter sommaren. Øksnes spurte vidare om bygningsmønster, om dette burde vore omtala. Etterlyste også bruken av krossar i berg som merke, og steinar som er lagt ned som «vitne» til merking. Øksnes sa at samla sett er planen eit godt arbeid.

Per Lerøy (Ap) gratulerte med ein fantastisk flott kulturmiljøplan. Men hadde Statsforvaltaren vore for 500 år sidan hadde Bryggen aldri blitt bygd.

Handsaming i kommunestyret:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

KS - 046/23 - 22.06.2023 - Vedtak:

Kulturmiljøplan for kystkommunen Austrheim 2023-2032 - frå steinalder til oljealder, vert lagt ut på høyring med høyringsfrist 20. august 2023.

047/23: Forskrift for langtidsplass på sjukeheim i Austrheim kommune

Kommunedirektøren sitt framlegg:

Kommunestyret i Austrheim vedtar framlegg til Forskrift for tildeling av langtidsopphald i sjukeheim i Austrheim kommune- kriterier og ventelister, slik den ligg føre.

Forskrifta vert gjort gjeldande frå og med 1. juli 2023.

22.06.2023 KOMMUNESTYRET

Frå denne saka gjekk Magnus Kvingedal inn for Solveig Hopen i Høgregruppa. Kvingedal hadde tidlegare gått ut av møtet då varaordførar Inger-Lise Brekke var på plass (Brekke hadde permisjon i starten av møtet).

Kommunalsjef helse og velferd Anne Hildegunn Færøy orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Handsaming i kommunestyret:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

KS - 047/23 - 22.06.2023 - Vedtak:

Kommunestyret i Austrheim vedtar framlegg til Forskrift for tildeling av langtidsopphald i sjukeheim i Austrheim kommune- kriterier og ventelister, slik den ligg føre.

Forskrifta vert gjort gjeldande frå og med 1. juli 2023.

048/23: Godkjenning av rekneskap 2022 for Austrheim Kommune

Kommunedirektøren sitt framlegg:

1. Kommunestyret godkjenner rekneskap for 2022.
2. Netto driftsresultat i rekneskap for 2022 blir i heilskap sett av til disposisjonsfond.

08.06.2023 FORMANNSKAPET

Økonomi- og personalsjef Odd Harald Dommersnes orienterte om rekneskap og fekk tilbakemelding frå politikarane om at det var ein grei gjennomgang.

Det vart diskutert om ein får meir realistiske tal om ein budsjetterer med utgifter i samband med sjukefråvær og at leiarane og må jobbar i drift, dei er ikkje berre leiarar. Kommunedirektøren kommenterte at når det gjeld fastløn er vi ganske på budsjett og at det ligg ein produksjonsdel i leiarstillingane.

Under handsaming av årsrapport og rekneskap vart det bestemt at det skal vere ei synfaring på skulane før kommunestyreperioden er over.

Handsaming i formannskapet:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke

FS - 058/23 - 08.06.2023 - Vedtak:

Formannskapet tilrår:

1. Kommunestyret godkjenner rekneskap for 2022.
2. Netto driftsresultat i rekneskap for 2022 blir i heilskap sett av til disposisjonsfond.

22.06.2023 KOMMUNESTYRET

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug og økonomi- og HR-sjef Odd Harald Dommersnes orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Britt Skaalevik Lerøy (Ap) sa at kommunen nok brukar for mykje pengar. Kvar er kvalitetsnivået vårt, når inntektene er lågare enn kostnadene, så går det ikkje i lengda. Lerøy oppmoda administrasjonen til å vera tydeleg på kva finansieringa vert henta frå, når det er nye tiltak som skal innførast.

Reidar Øksnes (Sp) sa at kommunestyret/politikarane kanskje ikkje tok godt nok innover seg at dei tilsette var slitne etter Korona-perioden, og den flyktningkrisa som kom rett etterpå. Den neste utfordringa som vil komma er at det vert arbeidsinnvandrarar som vil reisa ut av landet for å bygga opp igjen Ukraina etter krigen, og som vil gjera det vanskelegare og dyrare å skaffa arbeidskraft i Austrheim. Må jobba for å hegna om dei som jobbar i Austrheim.

Inger-Lise Brekke (H) viste til at det har vore jobba hardt for å få kommunen ut av Robek, men det står att mykje arbeid for å komma dit ein vil. Men det er mange ting utanfor vår kontroll som påverkar, mellom anna renteauke, inflasjon, arbeidsløyse med meir. Må ha eit ekstra fokus på dei tinga der me kan påverka, som sjukefråvær og sosialutgifter.

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug sa at Austrheim må leggja utgiftene etter inntektene, og halda igjen for å sikra ei berekraftig drift framover. Veit ikkje korleis det vert framover med auka rente og høgare kostnader.

Ordførar Per Lerøy (Ap) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i kommunestyret:

Formannskapet si tilråding til vedtak vart samrøystes vedteke.

KS - 048/23 - 22.06.2023 - Vedtak:

1. Kommunestyret godkjenner rekneskap for 2022.
 2. Netto driftsresultat i rekneskap for 2022 blir i heilskap sett av til disposisjonsfond.
-

049/23: Godkjenning av årsrapport for Austrheim kommune 2022

Kommunedirektøren sitt framlegg:

Austrheim kommunestyre godkjenner årsrapport for 2022 slik den ligg føre.

08.06.2023 FORMANNSKAPET

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug orienterte om årsrapporten og fekk tilbakemelding frå politikarane at Framsikt gir god oversikt.

Handsaming i formannskapet:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke

FS - 059/23 - 08.06.2023 - Vedtak:

Formannskapet tilrår at Austrheim kommunestyre godkjenner årsrapport for 2022 slik den ligg føre.

22.06.2023 KOMMUNESTYRET

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Handsaming i kommunestyret:

Formannskapet si tilråding til vedtak vart samrøystes vedteke.

KS - 049/23 - 22.06.2023 - Vedtak:

Austrheim kommunestyre godkjenner årsrapport for 2022 slik den ligg føre.

050/23: Tertial rapport 2023 med forslag til budsjettjusteringar

Kommunedirektøren sitt framlegg:

1. Kommunestyret tar tertialrapporten og finansrapporten for fyrste tertial til vitande.
2. Kommunestyret godkjenner kommunedirektøren sitt framlegg til budsjettjusteringar på drift med ei auka kostnadsramme på 11,6 millionar kroner. Dei auka kostnadane blir dekkja gjennom at ein aukar budsjettet med tilsvarande på inntekt gjennom auka skatteanslag, rammetilskott og auka utbytte frå Eviny.
3. Kommunestyret godkjenner kommunedirektøren sitt framlegg til budsjettjusteringar på

investering og kommunen tek eit låneopptak på kroner 5,1 millionar for å finansiere desse budsjettjusteringane.

Ynskjer at ein ikkje set av 2,5 million kroner, til Prosjekt K 90067 Næringstomt på Mongstad, ved denne budsjettjustering.

Årsak er at ein bør få framlagt ein rapport eller vurdering der det kjem klart fram at det er nødvendig for å sikra vassleidningen og for sal/pris.

08.06.2023 FORMANNSKAPET

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug orienterte om rapporten og status på ulike prosjekt før Odd Harald Dommersnes la fram tala i rapporten.

Handsaming i formannskapet:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke

FS - 064/23 - 08.06.2023 - Vedtak:

Formannskapet tilrår:

1. Kommunestyret tar tertialrapporten og finansrapporten for fyrste tertial til vitande.
2. Kommunestyret godkjenner kommunedirektøren sitt framlegg til budsjettjusteringar på drift med ei auka kostnadsramme på 11,6 millionar kroner. Dei auka kostnadane blir dekkja gjennom at ein aukar budsjettet med tilsvarende på inntekt gjennom auka skatteanslag, rammetilskott og auka utbytte frå Eviny.
3. Kommunestyret godkjenner kommunedirektøren sitt framlegg til budsjettjusteringar på investering og kommunen tek eit låneopptak på kroner 5,1 millionar for å finansiere desse budsjettjusteringane.

22.06.2023 KOMMUNESTYRET

Endringsframlegg frå Sp. foreslått av: Reidar Øksnes

Ynskjer at ein ikkje set av 2,5 million kroner, til Prosjekt K 90067 Næringstomt på Mongstad, ved denne budsjettjustering.

Årsak er at ein bør få framlagt ein rapport eller vurdering der det kjem klart fram at det er nødvendig for å sikra vassleidningen og for sal/pris.

Økonomi- og HR-sjef Odd Harald Dommersnes orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Reidar Ulvøy (Ap) sa at ein må jobba med å auka inntektene til kommunen, ved å ha industritomter klare til næringsliv, og bustadtomter klare til nye innbyggjarar til kommunen. Ulvøy spurte om kva som skjer på legekantoret med lang ventetid på telefonen, det må jobbast med å snu det negative bildet som er «på bygda» om helse/legekantor.

Reidar Øksnes (Sp) la fram eige framlegg om arbeid med vassleidning på Mongstad (lagt inn). Her kommenterte Per Lerøy at det handlar om kvar si side av vegen, sprenging og vassleidning på kvar si side. Elles handlar det om å ferdigstillare arealet til ulikt nivå, om ein sprenger ned knausen så vert det meir ferdig og kan seljast for ein høgare pris.

Kommunedirektør Fjellhaug svara Ulvøy at dette med telefonen til legekantoret skal sjekkast. Svara Øksnes at inntektene frå næringstomt skal settast av til sjukeheimen. Vassleidningen skal ordnast, men

innanfor eksisterande VA-midlar. Må gjerast no for å selja tomta.

Inger Lise Brekke (H) sa at det ikkje er berre å skaffa nye innbyggjarar, like viktig å jobba med å redusera sosialutgifter og liknande for dei som alt bur her. Det er mange ungdommar som bur her som slit, det har mange årsaker. Må jobba med ungdommane for å få dei til å forstå at livet an vera vanskeleg, utan at det betyr at dei har problem.

Britt Skaalevik Lerøy (Ap) spurte om kva som gjev auka vikarkostnader på Nordliheimen. Her svara kommunalsjef Anne Hildegunn Færøy at ein såg på kor mykje vikar det var behov for, og det vart sett av ein million kroner til vikarar, men fekk berre ein av dei tre som trengst.

Om avrøystinga ba Reidar Øksnes (Sp) om at ein sette Sp sitt framlegg opp mot formannskapet si tilråding.

Framlegget frå Sp fekk støtte av Sp sine tre og fall.

Deretter heile framlegget frå formannskapet: Sams vedteke

Handsaming i Kommunestyret:

Formannskapet si tilråding til vedtak vart samrøystes vedteke

KS - 050/23 - 22.06.2023 - Vedtak:

1. Kommunestyret tar tertialrapporten og finansrapporten for fyrste tertial til vitande.
2. Kommunestyret godkjenner kommunedirektøren sitt framlegg til budsjettjusteringar på drift med ei auka kostnadsramme på 11,6 millionar kroner. Dei auka kostnadane blir dekkja gjennom at ein aukar budsjettet med tilsvarande på inntekt gjennom auka skatteanslag, rammetilskott og auka utbytte frå Eviny.
3. Kommunestyret godkjenner kommunedirektøren sitt framlegg til budsjettjusteringar på investering og kommunen tek eit låneopptak på kroner 5,1 millionar for å finansiere desse budsjettjusteringane.

051/23: Rullering av investeringsbudsjett

Kommunedirektøren sitt framlegg:

Kommunestyret vedtek at ein overfører budsjettmidlar for prosjekt som ikkje vart slutført i 2022 til 2023 og at desse vert finansiert ved bruk av ubrukte lånemidlar.

08.06.2023 FORMANNSKAPET

Økonomi- og personalsjef Odd Harald Dommersnes orienterte.

Handsaming i formannskapet:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke

FS - 065/23 - 08.06.2023 - Vedtak:

Formannskapet tilrår:

Kommunestyret vedtek at ein overfører budsjettmidlar for prosjekt som ikkje vart slutført i 2022 til 2023 og at desse vert finansiert ved bruk av ubrukte lånemidlar.

22.06.2023 KOMMUNESTYRET

Økonomi- og HR-sjef Odd Harald Dommersnes orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn (Sp) sa at det var vist til tidlegare at ein ikkje bør løyva pengar til prosjekt ein ikkje klarer å få gjennomført. Her har det skjedd likevel. Kommunedirektøren tok merknaden til vitande

Handsaming i kommunestyret:

Formannskapet si tilråding til vedtak vart samrøystes vedteke.

KS - 051/23 - 22.06.2023 - Vedtak:

Kommunestyret vedtek at ein overfører budsjettmidlar for prosjekt som ikkje vart slutført i 2022 til 2023 og at desse vert finansiert ved bruk av ubrukte lånemidlar.

052/23: Rullering av langtidsbudsjett 2023-2026 for Austrheim Kommune

Kommunedirektøren sitt framlegg:

Kommunestyret vedtek den framlagte økonomiplanen slik han ligg føre, kommunedirektøren vil i budsjettframlegg for 2024 komme med endelig framlegg til økonomiplan for perioden 2024-2027 (HØP 24-27).

08.06.2023 FORMANNSKAPET

Økonomi- og personalsjef Odd Harald Dommersnes orienterte og sa blant anna at pensjonakostandane går opp, kommunen får auka kostander i samband med generell prisoppgang. I brev frå Statsforvaltaren kan ein lese at vi frå auka frie inntekter og at skjønstilskotet blir det same som tidlegare.

Ordførar Per Lerøy (Ap) sa at vi må jobbe for å få fleire innbyggjarar til kommunen, vi må få opp bustadbygging og få private på banene.

Bjørn Inge Dyrkolbotn (Sp) sa at i Sogn Avis er Austrheim kommune nevnt som ein av fire distriktskommunar med aukande folketal.

Handsaming i formannskapet:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke

FS - 060/23 - 08.06.2023 - Vedtak:

Formannskapet tilrår at kommunestyret vedtek den framlagte økonomiplanen slik han ligg føre, kommunedirektøren vil i budsjettframlegg for 2024 komme med endelig framlegg til økonomiplan for perioden 2024-2027 (HØP 24-27).

22.06.2023 KOMMUNESTYRET

Økonomi- og HR-sjef Odd Harald Dommersnes orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Aslak Andre Bakke (H) sa at dei største uroa framover er sosialutgifter og sjukefråvær, sjukefråvær må det jobbast aktivt med. Spurte også om bemanning i sommar, ordførar Per Lerøy svara at det er størst utfordringar på Nordliheimen. Om sjukefråvær sa ordførar Lerøy at det har vore lågt i Austrheim tidlegare samanlikna med andre kommunar, på rundt sju prosent, men Covid og anna har fått det opp

Handsaming i kommunestyret:

Formannskapet si tilråding til vedtak vart samrøystes vedteke

KS - 052/23 - 22.06.2023 - Vedtak:

Kommunestyret vedtek den framlagte økonomiplanen slik han ligg føre, kommunedirektøren vil i budsjettframlegg for 2024 komme med endelig framlegg til økonomiplan for perioden 2024-2027 (HØP 24-27).

001/23: Rapport frå tilsyn med barnevernstenesta si oppfølging av barn i fosterheim

Kommunedirektøren sitt framlegg:

08.06.2023 FORMANNSKAPET

Kommunalsjef Trine Merete Jansen orienterte. Det er ikkje avdekka lovbrøt etter tilsynet. Ho la til at vi jamleg får rapportar og det er ingen avvik i dei.

Handsaming i formannskapet:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke

FS - 001/23 - 08.06.2023 - Vedtak:

Orienteringa vert teke til vitande.

22.06.2023 KOMMUNESTYRET

Ordførar Per Lerøy (Ap) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i kommunestyret:

Formannskapet si tilråding til vedtak vart samrøystes vedteke

KS - 001/23 - 22.06.2023 - Vedtak:

Orienteringa vart teke til vitande.

053/23: TV-aksjonen 2023 - oppretting av kommunekomiteé

Kommunedirektøren sitt framlegg:

Kommunestyret i Austrheim vel følgjande kommunekomiteé for TV-aksjonen 2023:

- Leiar: Ordførar Per Lerøy
- Sekretær: Rigmor Ludvigsen
- Ein tilsett i administrasjonen med lokalkunnskap i Austrheim

- Eit medlem utpeikt av Lindåsneset Sanitetsforeining
- Eit medlem utpeikt av Årås Sanitetsforeining
- Eit medlem frå Austrheim idrettslag
- Eit medlem frå Ungdomsrådet

Rådmannen får mynde til å erstatta eller leggja til medlemmer i komiteen for TV-aksjonen.

Austrheim kommune løyver 30.000 kroner til TV-aksjonen 2023.

Kostnaden vert dekkja frå post **1490380001902**

08.06.2023 FORMANNSKAPET

Ordførar Per Lerøy refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i formannskapet:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke

FS - 062/23 - 08.06.2023 - Vedtak:

Formannskapet tilrår:

Kommunestyret i Austrheim vel følgjande kommunekomité for TV-aksjonen 2023:

- Leiar: Ordførar Per Lerøy
- Sekretær: Rigmor Ludvigsen
- Ein tilsett i administrasjonen med lokalkunnskap i Austrheim
- Eit medlem utpeikt av Lindåsneset Sanitetsforeining
- Eit medlem utpeikt av Årås Sanitetsforeining
- Eit medlem frå Austrheim idrettslag
- Eit medlem frå Ungdomsrådet

Kommunedirektøren får mynde til å erstatta eller leggja til medlemmer i komiteen for TV-aksjonen.

Austrheim kommune løyver 30.000 kroner til TV-aksjonen 2023.

Kostnaden vert dekkja frå post **1490380001902**

22.06.2023 KOMMUNESTYRET

Ordførar Per Lerøy (Ap) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i kommunestyret:

Formannskapet si tilråding til vedtak vart samrøystes vedteke.

KS - 053/23 - 22.06.2023 - Vedtak:

Kommunestyret i Austrheim vel følgjande kommunekomité for TV-aksjonen 2023:

- Leiar: Ordførar Per Lerøy
- Sekretær: Rigmor Ludvigsen
- Ein tilsett i administrasjonen med lokalkunnskap i Austrheim
- Eit medlem utpeikt av Lindåsneset Sanitetsforeining
- Eit medlem utpeikt av Årås Sanitetsforeining
- Eit medlem frå Austrheim idrettslag
- Eit medlem frå Ungdomsrådet

Rådmannen får mynde til å erstatta eller leggja til medlemmer i komiteen for TV-aksjonen.

Austrheim kommune løyver 30.000 kroner til TV-aksjonen 2023.

Kostnaden vert dekkja frå post **1490380001902**

054/23: Oppdatering av forskrift om folkevalde sine arbeidsvilkår - Austrheim kommune

Kommunedirektøren sitt framlegg:

Formannskapet legg framlegget ut på høyring til partigruppene. Høyringsfristen vert sett til 4 veker, slik at denne saka kan komma tilbake til formannskapet 8. juni, og til vedtak i kommunestyret 22. juni.

02.05.2023 FORMANNSKAPET

Tilbakemelding frå formannskapet foreslått av:

Formannskapet gjev den tilbakemeldinga at den faste godtgjeringa til medlemmer i formannskapet skal dekkja møter i formannskapet og kommunestyret. Dersom medlemmer i formannskapet møter i andre råd og utval, så skal det godtgjerast på lik linje med andre medlemmer i desse råda og utvala.

Sakshandsamar Ketil Tjore orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Handsaming i formannskapet:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke, med den tilbakemeldinga frå formannskapet at den faste godtgjeringa til medlemmer i formannskapet skal dekkja møter i formannskapet og kommunestyret. Dersom medlemmer i formannskapet møter i andre råd og utval, så skal det godtgjerast på lik linje med andre medlemmer i desse råda og utvala.

FS - 045/23 - 02.05.2023 - Vedtak:

Formannskapet legg framlegget ut på høyring til partigruppene. Høyringsfristen vert sett til 4 veker, slik at denne saka kan komma tilbake til formannskapet 8. juni, og til vedtak i kommunestyret 22. juni. Formannskapet gjev den tilbakemeldinga at den faste godtgjeringa til medlemmer i formannskapet skal dekkja møter i formannskapet og kommunestyret. Dersom medlemmer i formannskapet møter i andre råd og utval, så skal det godtgjerast på lik linje med andre medlemmer i desse råda og utvala.

08.06.2023 FORMANNSKAPET

foreslått av:

Framlegget har vore på høyring til partigruppene, utan at det kom merknader. Innspelet frå formannskapet 02.05.23 er lagt inn i reglementet. Formannskapet tilrår at kommunestyret vedtar reglementet slik det ligg føre.

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug la fram saka, jamfør saksutgreiinga.

Handsaming i formannskapet:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke

FS - 063/23 - 08.06.2023 - Vedtak:

Framlegget har vore på høyring til partigruppene, utan at det kom merknader. Innspelet frå formannskapet 02.05.23 er lagt inn i reglementet. Formannskapet tilrår at kommunestyret vedtar reglementet slik det ligg føre.

22.06.2023 KOMMUNESTYRET

Ordfører Per Lerøy (Ap) refererte framlegget til vedtak.
Handsaming i kommunestyret:
Formannskapet si tilråding til vedtak vart samrøystes vedteke.

KS - 054/23 - 22.06.2023 - Vedtak:

Kommunestyret vedtar reglementet slik det ligg føre.

055/23: Godkjenning av mindre vesentleg reguleringsendring av Detaljreguleringsplan for næringsområde NO4 Mongstadkrysset, planid. 2003002- Austrheim kommune

Kommunedirektøren sitt framlegg:

Austrheim kommune godkjenner ei mindre vesentleg reguleringsendring av Detaljreguleringsplan for næringsområde NO4 Mongstadkrysset, planid. 2003002.

Ny føresegn under **§ 3 Område for forretning, kontor og industri FK11 og FK12** vert:

BYA = 50%.

Høgste mønehøgde er satt til kote 59,5 moh.

Byggja kan ikkje vera høgare enn 15 meter og ha maksimum 3 etg.

Byggjegrænse mellom område FK11 og FK12 gjeld ikkje om dette er ein eigedom

Det skal vera gode arkitektoniske kvalitetar på bygga.

Ny føresegn under **§ 4 Offentleg veg** siste setning vert:

Nytt vegnett skal byggjast som samleveg S2 i næringsområde etter Statens vegvesen si handbok N100 med samla kjørebanebreidde på 5,4 meter.

Grunngjevinga er gjeve i saksutgreiinga.

Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova sin § 12-14.

22.06.2023 KOMMUNESTYRET

Avdelingsleiar plan Asbjørn Toft orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.
Handsaming i kommunestyret:
Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

KS - 055/23 - 22.06.2023 - Vedtak:

Austrheim kommune godkjenner ei mindre vesentleg reguleringsendring av Detaljreguleringsplan for næringsområde NO4 Mongstadkrysset, planid. 2003002.

Ny føresegn under **§ 3 Område for forretning, kontor og industri FK11 og FK12** vert:

BYA = 50%.

Høgste mønehøgde er satt til kote 59,5 moh.

Byggja kan ikkje vera høgare enn 15 meter og ha maksimum 3 etg.

Byggjegrænse mellom område FK11 og FK12 gjeld ikkje om dette er ein eigedom

Det skal vera gode arkitektoniske kvalitetar på bygga.

Ny føresegn under § 4 **Offentleg veg** siste setning vert:

Nytt vegnett skal byggjast som samleveg S2 i næringsområde etter Statens vegvesen si handbok N100 med samla kjørebanebreidde på 5,4 meter.

Grunngjevinga er gjeve i saksutgreiinga.

Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova sin § 12-14.

056/23: Mandat og budsjett for arbeidsgruppa og prosjektgruppa for energiproduksjon og energisparing i Austrheim kommune

Kommunedirektøren sitt framlegg:

Arbeidsgruppa og prosjektgruppa skal gjennomføra arbeidet sitt i løpet av 2023 og i tråd med vedtak i kommunestyret den 13.04.2023. Intensjonen i ENØK-planen til Austrheim kommune som vart godkjent den 12.04.2018 skal følgjast. Klimaplanen som vart godkjent i 2022 er førande for arbeidet til begge arbeidsgruppene.

Arbeidsgruppa skal kartleggja korleis Austrheim kommune kan redusera energiforbruket ved alle kommunale bygg, samt korleis kommunen sjølv kan produsera energi både til eige forbruk og til sal. Energimerking og kartlegging av seks bygningar skal gjennomførast i 2023.

Arbeidet til arbeidsgruppa vert finansiert frå vedtekne budsjett.

Prosjektgruppa skal kartleggja kva tilskots- og støtteordningar som finst for dei som ønskjer å redusera energiforbruket, eller produsera sin eigen energi. Dette skal informerast ut til innbyggjarane på ein god måte. Prosjektgruppa skal vurdere korleis bedrifter og hushaldningar kan redusera sitt energiforbruk og produsera sin eigen energi sjølve. Energikonferansen skal haldast i november 2023.

Det vert sett av eit budsjett på kr 100.000 for prosjektgruppearbeidet, dette til møtegodgjerdse, studieturar, energikonferanse, fagføredrag og testar. Midlane kjem på plass og vist i revidert budsjett.

22.06.2023 KOMMUNESTYRET

Avdelingsleiar plan Asbjørn Toft orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Toft viste til at det i revidert budsjett (sak 050/23 i dette møtet) er sett av 100.000 til dette arbeidet.

Beløpet er retta frå 200.000 til 100.000 i framlegget til vedtak.

Handsaming i kommunestyret:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KS - 056/23 - 22.06.2023 - Vedtak:

Arbeidsgruppa og prosjektgruppa skal gjennomføra arbeidet sitt i løpet av 2023 og i tråd med vedtak i kommunestyret den 13.04.2023. Intensjonen i ENØK-planen til Austrheim kommune som vart

godkjent den 12.04.2018 skal følgjast. Klimaplanen som vart godkjent i 2022 er førande for arbeidet til begge arbeidsgruppene.

Arbeidsgruppa skal kartleggja korleis Austrheim kommune kan redusera energiforbruket ved alle kommunale bygg, samt korleis kommunen sjølv kan produsera energi både til eige forbruk og til sal. Energimerking og kartlegging av seks bygningar skal gjennomførast i 2023.

Arbeidet til arbeidsgruppa vert finansiert frå vedtekne budsjett.

Prosjektgruppa skal kartleggja kva tilskots- og støtteordningar som finst for dei som ønskjer å redusera energiforbruket, eller produsera sin eigen energi. Dette skal informerast ut til innbyggjarane på ein god måte. Prosjektgruppa skal vurdere korleis bedrifter og hushaldningar kan redusera sitt energiforbruk og produsera sin eigen energi sjølve. Energikonferansen skal haldast i november 2023.

Det vert sett av eit budsjett på kr 100.000 for prosjektgruppearbeidet, dette til møtegodgjerdsel, studieturar, energikonferanse, fagforedrag og testar. Midlane kjem på plass og vist i revidert budsjett.

002/23:

Kommunedirektøren sitt framlegg:

22.06.2023 KOMMUNESTYRET

KS - 002/23 - 22.06.2023 - Vedtak:

057/23: Sommarfullmakt til ordførar

Kommunedirektøren sitt framlegg:

Kommunestyret gjev ordførar sommarfullmakt til å avgjera saker frå 23. juni 2023 til første ordinære kommunestyre etter ferien, som er torsdag 21. september 2023. Saker som er avgjort etter fullmakt, vert lagt fram for kommunestyret som referatsak i møte den 21. september 2023.

22.06.2023 KOMMUNESTYRET

Jan-Erik Espelid (Bygdelista) etterlyste i starten av møtet ei sak om sommarfullmakt til ordførar.

Kommunestyret var samde om å ta dette opp som ei tilleggssak, med tidlegare sommarfullmakter som grunnlag.

Dette er i tråd med kommunelova §6-1 4. til 6. avsnitt :

«Kommunestyret og fylkestinget kan selv gi ordføreren myndighet til å

a) treffe vedtak i saker som ikke har prinsipiell betydning

b) treffe vedtak i hastesaker etter § 11-8 første ledd

c) opprette utvalg som skal forberede saker som ikke har prinsipiell betydning.

Formannskapet og fylkesutvalget kan selv gi ordføreren myndighet til å treffe vedtak i saker som ikke har prinsipiell betydning, hvis ikke kommunestyret eller fylkestinget selv har bestemt noe annet.

Ordføreren skal rapportere til kommunestyret eller fylkestinget om hvordan den delegerte myndigheten er benyttet.»

Handsaming i Kommunestyret:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke

KS - 057/23 - 22.06.2023 - Vedtak:

Kommunestyret gjev ordførar sommarfullmakt til å avgjera saker frå 23. juni 2023 til første ordinære kommunestyre etter ferien, som er torsdag 21. september 2023. Saker som er avgjort etter fullmakt, vert lagt fram for kommunestyret som referatsak i møte den 21. september 2023.

058/23: Flagging med regnbogeflagg 25. juni

Kommunedirektøren sitt framlegg:

Austrheim kommune deltek i markeringa av eittårsdagen for terrorkytinga i Oslo, og det blir flagga med regnbogeflagg frå ei av flaggstengene ved kommunehuset søndag den 25. juni 2023.

22.06.2023 KOMMUNESTYRET

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug viste til at kommunen har fått førespurnad om å delta i markeringa av eittårsdagen for terrorkytinga i Oslo, og flagga frå ei av flaggstengene ved kommunehuset søndag den 25. juni 2023.

Fjellhaug sa vidare at det komma ei eiga sak med flaggreglement for Austrheim kommune.

Reidar Ulvøy (Ap) spurte om det skal flaggast med norsk flagg eller prideflagg, kommunedirektøren svara at det er regnboge/prideflagg, det sa Reidar Ulvøy at han er mot.

Reidar Øksnes (Sp) ba om at dette vart teke opp seinare i møtet som eiga sak. Det sa kommunestyret seg samd i, og saka vart teke opp til avrøysting etter dei ordinære sakene.

Saka vart teke opp etter dei andre sakene. Det vart orientert om at det gjeld å heisa regnbogeflagg på ei av flaggstengene ved kommunehuset, søndag den 25. juni 2023.

Handsaming i kommunestyret:

Kommunestyret vedtok mot ei røyst (Reidar Ulvøy frå Ap) at kommunen deltek i markeringa, og flaggar med regnbogeflagg frå ei av flaggstengene ved kommunehuset, den 25. juni.

KS - 058/23 - 22.06.2023 - Vedtak:

Austrheim kommune deltek i markeringa av eittårsdagen for terrorskytinga i Oslo, og det blir flagga med regnbogeflagg frå ei av flaggstengene ved kommunehuset søndag den 25. juni 2023.
